

**KOMMISJONSVEDTAK****2015/EØS/3/24****av 24. januar 2008****om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly og kadmium, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga***[meldt under nummeret K(2008) 268]*

(2008/385/EF)(\*)

KOMMISJONEN FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN  
HAR —

flate lysstoffrøyr utan bly er ikke tilgjengelege enno, og det er ikke mogleg å bytte ut blyoksid i argon- og kryptonlaserrøyr.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensning av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.
- 2) Visse materiale og komponentar som inneholder bly og kadmium, bør få unntak fra forbodet fordi det enno er uråd å unngå bruk av desse farlege stoffa i dei nemnde materiala og komponentane. Det er enno ikke mogleg å bytte ut kadmiumlegeringer i transdusarar. Kvikkolvfrie

3) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.

- 4) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF<sup>(2)</sup>—

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 136 av 24.5.2008, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 131/2009 av 4. desember 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 11.3.2010, s. 20.

(<sup>1</sup>) TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 2006/692/EF (TEU L 283 av 14.10.2006, s. 50).

(<sup>2</sup>) TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 24. januar 2008.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

---

*VEDLEGG*

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal nytt nr. 30-32 lyde:

- «30. Kadmiumlegeringar som loddemateriale i det elektriske/mekaniske sambandet til elektriske leiarar som sit direkte på talespolen i transdusarar i høgtalarar med høg effekt og eit lydtrykknivå på 100 dB (A) eller høgare.
31. Bly i loddemateriale i kvikksølvfrie flate lysstoffrøyr (som t.d. vert nytt i flytande krystall-skjermar, pyntelysgjeving eller industrilysgjeving).
32. Blyoksid i forseglingsglasur som vert nytt til å feste vindauge til argon- og kryptonlaserrøyr.»
-